



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Levekårsutvalet



Møtedato: 11.02.2025
Møtetid: 13:00 - 17:00
Møtestad: Lonevåg, rådhuset, Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Bjarte Hammer Aarland	Leiar	KRF
Janne Daltveit Tveit	Medlem	SP
Synne Thunestvedt	Nestleiar	SV
Tonje Kleppe Yddal	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Renathe Tangen	MEDL	V

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Politisk sekretær

Kommunalsjef for Felles Oppvekst, undervisning og kultur

Kommunalsjef for Helse, omsorg og sosial

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/25	Godkjenning av møtebok 05.11.24
PS 3/25	Referatsaker og meldinger
RS 1/25	Saksprotokoll Supplering av medlem/varamedlem for FRP til Levekårsutvalet 2023-2027
RS 2/25	Konsekvensar av vedtak i Heradstyre om nedtrekk ferievikar - budsjett og økonomiplan 2025-2028
RS 3/25	Oppfølging av budsjettvedtak for 2025 på 50% avdelingsleiar i heimetenesta
PS 4/25	Forskrift om skulereglement for kommunale grunnskular i Osterøy
PS 5/25	Evalueringsplan av Osterøy frivilligsentral
PS 6/25	Framlegg til justerte retningslinjer for vurdering og vedtak i saker som gjeld farleg skuleveg
PS 7/25	Temaplan psykisk helse og rusomsorg 2025 - 2029
PS 8/25	Andre saker/spørsmål/interpellasjonar

Bjarte Hammer Aarland

Utvalsleiar

PS 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 1/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vart godkjend

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 1/2025 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vart godkjend

PS 2/25 Godkjenning av møtebok 05.11.24

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 2/2025 Godkjenning av møtebok 05.11.24:

Møtebok vart samrøystes godkjend

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 2/2025 Godkjenning av møtebok 05.11.24:

Møtebok vart godkjend

PS 3/25 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 3/2025 Referatsaker og meldinger:

Referatsaker teken til vitande

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 3/2025 Referatsaker og meldinger:

Teken til vitande

RS 1/25 Saksprotokoll Supplering av medlem/varamedlem for FRP til Levekårsutvalet 2023-2027

RS 2/25 Konsekvensar av vedtak i Heradstyre om nedtrekk ferievikar - budsjett og økonomiplan 2025-2028

Framlegg til vedtak om å løfte saka til politisk sak.

Votering:

Samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak frå Bjarte Hammer Aarland (Krf):

Levekårsutvalet oppmoder HS om å handsame saka politisk

Grunngjeving: Moglege konsekvensar kjem frå politiske vedtak, så politisk nivå må handtere og ta ansvar for konsekvensane.

Votering:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak RS 2/25 Konsekvensar av vedtak i Heradstyre om nedtrekk ferievikar - budsjett og økonomiplan 2025-2028

Levekårsutvalet oppmoder HS om å handsame saka politisk

Grunngjeving: Moglege konsekvensar kjem frå politiske vedtak, så politisk nivå må handtere og ta ansvar for konsekvensane.

RS 3/25 Oppfølging av budsjettvedtak for 2025 på 50% avdelingsleiar i heimetenesta

PS 4/25 Forskrift om skulereglement for kommunale grunnskular i Osterøy

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 4/2025 Forskrift om skulereglement for kommunale grunnskular i Osterøy:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak er den reviderte forskrifta vert vedteke slik den ligg føre.

Framlegg til tilleggsforslag frå utvalsleiar:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 4/2025 Forskrift om skulereglement for kommunale grunnskular i Osterøy:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak er den reviderte forskrifta vert vedteke slik den ligg føre.

PS 5/25 Evaluering av Osterøy frivilligsentral

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 5/2025 Evaluering av Osterøy frivilligsentral:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Heradsstyret tek saken til vitande.

Framlegg til tilleggsforslag frå utvalsleiar:

Frivilligsentralen kartlegg behov og ressursar hjå lag og organisasjonar.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 5/2025 Evaluering av Osterøy frivilligsentral:

Heradsstyret tek saken til vitande.

Frivilligsentralen kartlegg behov og ressursar hjå lag og organisasjonar.

PS 6/25 Framlegg til justerte retningslinjer for vurdering og vedtak i saker som gjeld farleg skuleveg

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 6/2025 Framlegg til justerte retningslinjer for vurdering og vedtak i saker som gjeld farleg skuleveg:

Saka vert trekt.

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 6/2025 Framlegg til justerte retningslinjer for vurdering og vedtak i saker som gjeld farleg skuleveg:

Saka vert trekt.

PS 7/25 Temaplan psykisk helse og rusomsorg 2025 - 2029

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 7/2025 Temaplan psykisk helse og rusomsorg 2025 - 2029:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren tilrår å vedta temaplan for psykisk helse og rusomsorg

Votering:

Vart vedteke samrøystes.

Endringsforslag 1 frå utvalsleiar:

Nytt avsnitt pkt 1.0 side 3:

Osterøy er eit samfunn med eit rikt lag- og organisasjonsliv. Og mange aktørar bidreg allereie med eit breitt og rikt tilbod til innbyggjarane. Men i frivilleg og ideell sektor ligg det òg eit unytta potensiale. Idrettslag, helselag og fleire andre foreiningar kan vere gode lagspelarar i kampen mot rus, utanforskap og psykisk uhelse. Det er òg fleire aktørar som bidreg direkte innan gjeldande planområde, men med støtte av kommunale ressursar kan dette bidraget truleg verte atskillig meir omfattande. Når me dreg i fellesskap, kan me

oppnå å kome nærare det ambisiøse, ruspolitiske målet: Ingen misbruker alkohol eller illegale rusmiddel i Osterøy kommune.

Endringsforslag 2 frå utvalsleiar:

Nytt strategiområde:

Overordna strategiar

Mål

Motverke rusrelaterte lidingar, utanforskap og psykisk uhelse

Strategi

Meir samarbeid med frivillege lag og organisasjonar

Tiltak

Kontakte aktuelle lag og foreiningar for å kartleggje deira bidrag med ein kommunal innsatsfaktor

Prosessansvar

Eining for psykisk helse og rus

Osterøy frivilligsentral

Mål

Motverke rusrelaterte lidingar, utanforskap og psykisk uhelse

Strategi

Meir kompetanse på ROP hjå tilsette i sektorane helse og omsorg og oppvekst

Tiltak

Analysere trong for vidareutdanning eller liknande og utarbeide kompetanseplan

Prosessansvar

Einingsleiarar helse/omsorg og oppvekst

Mål

Motverke rusrelaterte lidingar, utanforskap og psykisk uhelse

Strategi

Informasjon til innbyggjarane

Tiltak

Utarbeide plan for informasjon, òg til minoritetsspråklege

Utarbeide plan for brukarmedverknad på systemnivå

Prosessansvar

Kommunedirektøren sin stab

Endringsforslag 3 frå utvalsleiar:

Mål

Ein restriktiv alkoholpolitikk

Strategi

Regulering som begrensar tilgongen

Tiltak

Ruspolitisk handlingsplan vert i komande periode handsama før skjenke-/salsløyva

Prosessansvar

Heradstyret

Endringsforslag 4 frå utvalsleiar:

Handlingsplan barn og unge si psykiske helse

Mål

Psykiske utfordringar blir fanga opp tidleg

Strategi

Saumlause overgangar mellom tenestene

Tiltak

Stryk ordet *Vurdere* (Nye inntaksrutiner: "Ei dør inn" til tenestene i Familiens hus)

Endringsforslag 5 frå utvalsleiar:

Tiltak vaksne si psykiske helse

Mål

Tenestene som yt helsehjelp samarbeider godt, både på system og individnivå

Strategi

God samhandling mellom tenestene rundt den enkelte brukar for å reversere trend med auka medikamentbruk

Tiltak

Samarbeide med fastlegar for å kartleggje omfanget av utfordringsbiletet og iverksetje tiltak

Råd og vegleiing frå eksterne mynde som statsforvaltar, spesialisthelseteneste, Direktoratet for medisinske produkter

Prosessansvar

Kommunalsjef helse og omsorg

Endringsforslag 6 frå utvalsleiar:

Mål

Psykiske utfordringar blir fanga opp tidleg

Strategi

Saumlause overgangar mellom tenestene

Tiltak

Vidareføre og utvide Helsestasjon for ungdom

Informere publikum om Helsestasjon for ungdom

Prosessansvar

Helsestasjon

Leiar Familiens hus

Tillegg handlingsplan rusfeltet

Mål

Utsetje rusdebut blant barn og ungdom

Strategi

Informasjon til føresette

Tiltak

Kalle alle 10.-klassingar med føresette inn til vegleiing hjå helsestasjon for unge

Prosessansvar

Familiens hus

Heradstyret, som budsjettmynde, avgjer eventuelle budsjettallokeringar.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Endringsforslag 1 vart samrøystes vedteke

Endringsforslag 2 vart samrøystes vedteke

Endringsforslag 3 vart nedstemt med 1 røyst for (Bjarte Aarland, KrF) og 3 røyster mot.

Endringsforslag 4 vart samrøystes vedteke

Endringsforslag 5 vart samrøystes vedteke

Endringsforslag 6 vart vedteke med 2 røyster for og 2 røyster mot. Møteleiaren si røyst var avgjerande i saka jf. § 18 RØYSTEMÅTEN "Ordføraren si røystegjeving er avgjerande ved likt røystetal, unnateke ved val, der loddtrekning avgjer utfallet."

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 7/2025 Temaplan psykisk helse og rusomsorg 2025 - 2029:

Kommunedirektøren tilrår å vedta temaplan for psykisk helse og rusomsorg

----- **Endringsforslag**

Nytt avsnitt pkt 1.0 side 3:

Osterøy er eit samfunn med eit rikt lag- og organisasjonsliv. Og mange aktørar bidreg allereie med eit breitt og rikt tilbod til innbyggjarane. Men i frivilleg og ideell sektor ligg det òg eit unytta potensiale. Idrettslag, helselag og fleire andre foreiningar kan vere gode lagspelarar i kampen mot rus, utanforskap og psykisk uhelse. Det er òg fleire aktørar som bidreg direkte innan gjeldande planområde, men med støtte av kommunale ressursar kan dette bidraget truleg verte atskilleg meir omfattande. Når me dreg i fellesskap, kan me oppnå å kome nærare det ambisiøse, ruspolitiske målet: Ingen misbruker alkohol eller illegale rusmiddel i Osterøy kommune.

Nytt strategiområde:

Overordna strategiar

Mål

Motverke rusrelaterte lidingar, utanforskap og psykisk uhelse

Strategi

Meir samarbeid med frivillege lag og organisasjonar

Tiltak

Kontakte aktuelle lag og foreiningar for å kartleggje deira bidrag med ein kommunal innsatsfaktor

Prosessansvar

Eining for psykisk helse og rus

Osterøy frivilligsentral

Mål

Motverke rusrelaterte lidningar, utanforskap og psykisk uhelse

Strategi

Meir kompetanse på ROP hjå tilsette i sektorane helse og omsorg og oppvekst

Tiltak

Analysere trong for vidareutdanning eller liknande og utarbeide kompetanseplan

Prosessansvar

Einingsleiarar helse/omsorg og oppvekst

Mål

Motverke rusrelaterte lidningar, utanforskap og psykisk uhelse

Strategi

Informasjon til innbyggjarane

Tiltak

Utarbeide plan for informasjon, òg til minoritetsspråklege

Utarbeide plan for brukarmedverknad på systemnivå

Prosessansvar

Kommunedirektøren sin stab

Handlingsplan barn og unge si psykiske helse

Mål

Psykiske utfordringar blir fanga opp tidleg

Strategi

Saumlause overgangar mellom tenestene

Tiltak

Stryk ordet *Vurdere* (Nye inntaksrutiner: "Ei dør inn" til tenestene i Familiens hus)

Tiltak vaksne si psykiske helse

Mål

Tenestene som yt helsehjelp samarbeider godt, både på system og individnivå

Strategi

God samhandling mellom tenestene rundt den enkelte brukar for å reversere trend med auka medikamentbruk

Tiltak

Samarbeide med fastlegar for å kartleggje omfanget av utfordringsbiletet og iverksetje tiltak

Råd og vegleiing frå eksterne mynde som statsforvaltar, spesialisthelseteneste, Direktoratet for medisinske produkter

Prosessansvar

Kommunalsjef helse og omsorg

Mål

Psykiske utfordringar blir fanga opp tidleg

Strategi

Saumlause overgangar mellom tenestene

Tiltak

Vidareføre og utvide Helsestasjon for ungdom

Informere publikum om Helsestasjon for ungdom

Prosessansvar

Helsestasjon

Leiar Familiens hus

Tillegg handlingsplan rusfeltet

Mål

Utsetje rusdebut blant barn og ungdom

Strategi

Informasjon til føresette

Tiltak

Kalle alle 10.-klassingar med føresette inn til vegleiing hjå helsestasjon for unge

Prosessansvar

Familiens hus

Heradstyret, som budsjettmynde, avgjer eventuelle budsjettallokeringar.

PS 8/25 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner

Handsaming i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 8/2025 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.

Vedtak i Levekårsutvalet - 11.02.2025 av sak 8/2025 Andre saker/spørsmål/interpellasjoner:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.